

# Arbeidsmiljøutvalet (AMU) årsrapport – 2022

## Bakgrunn

Meir om AMU og VO i Forskrift om organisering, leiing og medverknad, kapittel 3, § 3-7 og arbeidsmiljølova kapittel 6, §§ 6-1 til 6-5.

## Samansetting 2022

Siri Tjessem Fjælberg	verneombod
Guro Ringen Rana	vara verneombod
Kristian Bernhoff Frafjord	Arbeidstakarrepresentant (til 1.10.22)
Thomas Dag Iversen	vara arbeidstakarrepresentant
Brita Mauritzen Næss	arbeidstakarrepresentant
Maren Stapnes Ege	vara arbeidstakarrepresentant
Jan Erik Lorentzen	arbeidsgivarrepresentant
Baard-Christian Schem	vara arbeidsgivarrepresentant (til 1.8.22)
Hilde Christiansen	arbeidsgivarrepresentant
Bente Aae	vara arbeidsgivarrepresentant
Inger Cathrine Bryne	arbeidsgivarrepresentant
Ivar Eriksen	vara arbeidsgivarrepresentant

Gina B. Holsen har vore sekretær gjennom heile perioden.

## Møter og saker i perioden

Det har vore 4 møte i 2022. Godkjenning av referat er fast sak på agendaen, og godkjende referat blir sende medlemmane og arkiverte. Innkalling og referat er tilgjengelege for alle medarbeidarane i Elements (arkivsystem).

Hovudpunkt i AMU sitt arbeid i 2022 har vore:

### Faste saker

- HMS-handlingsplan
- årshjul
- sjukefråværsstatistikk i Helse Vest RHF
- medarbeidarundersøkinga ForBetring

### Andre saker

#### **OU-prosjektet «Vår nye arbeidsplass».**

Helse Vest RHF flyttar frå Forus til nye kontorlokale i K8, Knud Holms gate 8, i Stavanger sentrum. Det har vore nokre prosessar i samheng med førebuing til flyttinga som felles ryddedag, testing av arbeidsform, gjennomgang av kontormøblar mm. På fagdagen 9. november, for alle medarbeidarar, var konsulentar for oppdraget inviterte og dei presenterte fargeval, tekstilval mm. Flyttedato er 28. november 2023. Arbeidsplassløyising i K8 skal vere ei aktivitetsbasert skjerma løyising.

## Microsoft 365

Innan utgangen av 2023 skal heile føretaksgruppa i Helse Vest, private ideelle og andre med driftsavtale med Helse Vest IKT, ta i bruk Microsoft 365. I praksis betyr det at vi skal ta i bruk og bruke fleire løysingar i Microsoft 365, og avvikle for eksempel lagring av dokument på F-disken (felles lagringsdisk på server). Vi vil få ein heilt ny plattform - skyløysing - for kontorstøtte, kommunikasjon, deling og digitalt samarbeid. Prosjekteigar for «Innføring av M365» er direktør for medarbeidar, organisasjon og teknologi.

Microsoft-løysingane vi har i dag blir erstatta av Microsoft 365. Det gjer det mogleg for oss å tilby alle medarbeidarar i Helse Vest tidsriktige, trygge og sikre løysingar for digitalt samarbeid, som er tilgjengelege uavhengig av om vi er til stade på arbeidsplassen eller ei.

### Framdriftsplan

Overordna framdriftsplan for regionalt innføringsprosjekt hausten 2022:

- Helse Vest IKT klargjer den tekniske plattformen
- Helse Vest IKT testar ut M365 for alle sine medarbeidarar
- Lokale innføringsprosjekt startar opp
- Helse Vest IKT evaluerer testperioden og justerer styrande dokumentasjon
- Regionalt prosjekt utarbeider planar for opplæring og organisasjonsutvikling, SharePoint oppgradering (inkludert etablering av nye intranett) og kommunikasjon i M365. Det skal jobbast med gevinstrealisering og dokumenthandtering og alle andre planar knytte til overgangen det er å ta i bruk M365. Heile innføringsprosjektet skal vere gjennomført i løpet av 2023.

Alle avdelingar har hatt éin eller to representantar med i arbeidet.

### **Heimekontor, hybrid eller tilstade**

I tråd med Arbeidsmiljølova (AML) §10-2(3) tilbyr Helse Vest RHF medarbeidarane fleksibel arbeidstid. Det er viktig for leiinga å understreke at arbeidsplassen er ein viktig, felles arena, og leiinga ønskjer at arbeidsplassen skal vere den gode arenaen for samarbeid, samspel og liknande.

Etter pandemien har det vore ekstra merksemd på å vere til stades. Vi har framleis fleksibel arbeidstid, fysisk tilrettelegging, utstyr og trivsel for heimekontor. Det er vedteke at alle medarbeidarar kan ha inntil ein dag heimekontor i veka, med unntak av resepsjonen (som er til stades kvar dag), men at det er venta at ein stiller fysisk i allmøte og avdelingsmøte.

Fagdag for alle medarbeidarar blei gjennomført 9. november med gode tilbakemeldingar og engasjement.

## Gjennomførte kartleggingar

- Kartlegging av psykososialt arbeidsmiljø – ForBetring 2022

Godkjent av AMU 21.03.2023